



Akvator AS  
Kunnskapshuet, Sæ 132  
5417 STORD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2907 - 16/27039

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

29.09.2016

## Førebels svar - trong for tilleggskontroll og dokumentasjon gbnr 229/6 Skår (Bjørsvik)

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.08.16.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje erklært ansvar for arkitekturprosjektering.
2. Nabovarsling – grunna tiltaket sin storleik og den auka aktiviteten det vil skape i evt byggeperiode i Bjørsvik meiner kommunen at det er naudsynt å varsle omgjevnadane. Tiltaket omfattar og søknad om dispensasjon frå reguleringsplan som krev nabovarsling. Vi legg ved liste over partar som kommune meiner det er naudsynt å varsle. Vi let det vere opp til ansvarleg søkjar å vurdere om det er andre som også bør varslast.
3. Situasjonsplanen er ikkje påført ytre hovudmål på tiltaka og heller ikkje påført minsteavstand til nabogrense. Vi ber om at det vert levert inn oppdatert situasjonsplan.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 03.11.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Til orientering

Som de sjølve påpeiker i søknaden, tiltaket krev at det vert innhenta samtykke frå Arbeidstilsynet jf. arbeidsmiljølova § 18-9, det kan ikkje gjevast igangsettingsløyve før dette ligg føre.

### Sakshandsamingsfrist

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Partsliste gbnr 229\_6

**Kopi til:**

Lerøy Vest AS

Bekkjarvik

5397

BEKKJARVIK

**Mottakarar:**

Akvator AS

Kunnskapshuet,  
Sæ 132

5417

STORD